

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. 6

Herad: Otterøy

Emne: Folkelige musikkinstrument

Bygdelag: Otterøya

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engjesvikja

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Eg hugsar far min snakka om at dei i gutedagane hans brukte olderlur, men eg har ikkje sett ein slik, og veit ikkje om korleis han var skapa. For 30 år sia såg eg på ein gård leivningane av ein lur. Eg har sia spurd etter desse, men dei er for lenge sia bortkomi. Eg trur nærmast det hadde vori ein annan sort lur, men eg hugsar ikkje noko om desse leivningane og veit ikkje meir å svara.
2. Eg kjenner ikkje namnet halme eller harpife, men halmpipe. Når dei skar åkeren om hausten, brukte ungane å skjera seg halmpiper som dei gjekk og blåste i. Når vi blåste i slike, likte ikkje gamle folk låta, dei hysja på oss og sa vi blåste ut styggveret. Det same sa dei om vi gjekk og blåste i piper av selje eller older eller rogn som vi hadde laga oss. Vanlig var det at gjøtarar blåste i bukkehorn. På desse var det fleira hol som dei fingra på, og dei kunne spela heile tonestubbar. På grannenden av hornet var det skori eit hol på snei. Over dette var lagt ei tunge skori av eimer. Nedst var ho benda til hornet med ei snor som var teki fleire gonger rundt hornet. Den øvre enden var fri. Her blåste dei, og denne låta kunne høyrast langt.
3. Noko rangler som nemnt kan eg ikkje hugse, men eg tviler ikkje på at fleire av desse i si tid har vori brukt.
4. Å få til smell ved å sprengje ein pose med luft bruker ungane enno. Og "kolsmell" har vori brukt. Ein skvett vatn på ambolten, eit stykke trekol, slag med ein hammar. Om dette vart gjort ved serskilte høve, hugsar ikkje eg, men ventelig det noko før mi tid. Sveipesmell er også kjent. Børseskott og dynamittskott har delvis til det siste vori i bruk 17. mai.
5. Nei, eg kjenner ikkje noko til dette. Eg veit berre dei ei innretning dei kalla "kråkskraml". Det var berre ei lita lett grind ein kunne bera i handa. Inn imiddom sprautane var det klemt ein skjerm av stive tresponar. Så var det på denne grinda ein rull med veiv. Denne rullen hadde etter heile lengda kammar og groper, og slutta stint til endene på dei stive sponane. Når ein så med veiva dreia denne rullen rundt vart det ei fast skrikande låt. Dei skrømde med denne bort frå gården kråke, ramn og annan ufugl, geitene ut av åkeren, og i gamal tid skrømde dei ventelig vekk vonde ånder og anna utyske.

Eg veit ikkje meir om dette.